



Vår ref.:
25/6674-1

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Gunn Marit Haugsbø

Dato:
23.09.2025

Referat frå konstituerande møte i FAU 2025-2026

Naustdal skule, personalkantina 10.09.2025
Tidspunkt: 18.00 – 20.30

Deltakarar:

- Iris Ylvisåker Reiakvam, 1. trinn
- Anett Horstad, 1. trinn
- Mona Elin Johnsen Flæte, 2. trinn
- Hanna M. De Groot, 3. trinn
- Kjetil Veien, 4. trinn
- Lena Rebecka W. Vefring, 4. trinn
- Kjersti Ingebø Garfors, 5. trinn
- Marius Ramberg, 5. trinn
- Randi Storehaug, 6. trinn og 10. trinn
- Linda Åmelfot, 7. trinn
- Katrine Stubhaug, 7. trinn (deltok fram til 19.30)
- Kristina Hanna Hovden Runde, 8. trinn
- Sigrid Anette Førde, 9. trinn
- Per Tore Hove, vara 10. trinn (deltok fram til 18.30)

1. Presentasjon av valde representantar

Det vart gjennomført ei runde rundt bordet der alle representantane presenterte seg.

2. Orientering om FAU sitt arbeid 2024-2025

FAU-leiar Kjersti Ingebø Garfors gjekk gjennom lista over saker som FAU arbeidde med skuleåret 2024-2025. Det vart opna for spørsmål og kommentarar undervegs. Følgjande saker vart nemnde:

- Aktivitetar 17. mai. Det kom fram ei utfordring knytt til at klassekontoar vert registrerte på foreldrekontakt (privat nettbank).
- Kommunikasjonsplattform for foreldre. FAU har drøfta behovet for at foreldre har ei sikker kommunikasjonsplattform og ynskjer at Sunnfjord kommune bidreg med å finne ei løysing. Bruk av Facebook har utfordringar knytt til personvern. Årets første klasse har valt å nytte Spond.
- Skulestruktursaka. FAU jobba med saka og det vart sendt inn høyringssvar frå Skulemiljøutvalet (SU). Eitt av forslaga var å legge ned ungdomstrinnet i Naustdal, og dette vart svart ut spesielt i høyringa.
- Det vart meldt inn ei sak til FAU som handla om at elevar som kjem med buss til tidleg oppstart (0.time på ungdomstrinnet) måtte vente ute. På haust og vinter kan det vere kaldt. Saka vart løyst gjennom dialog med skule. Det vart gjort avtale om opphald inne for dei aktuelle elevane

- Fysisk aktivitet og gå-til-skule-aksjon.
- Trygg skuleveg og trafikktryggleik. Her vil det vere behov for vidare arbeid.
- Arbeid med skulereglar – vedtekne i Skulemiljøutvalet. I samband med dette har FAU arbeidd med råd om kosthald. Dokumentet vil bli sendt ut til alle klassekontaktane slik at det kan følgjast opp vidare på alle trinn. Det vil vere viktig å forankre råda slik at vi får til felles forståing og oppfølging.
- Skjermbruk. Det vart gjennomført ei undersøking rett før skuleslutt. Resultatet vart gjennomgått i møtet og det vart konkludert med at FAU vil arbeide vidare med å lage ein rettleiar.

3. Orientering om skulestart v/ rektor

- Skuleåret er godt i gang, og skulen opplever at oppstarten har vore god.
- Dei økonomiske utfordringane til Sunnfjord kommune påverkar alle einingar. Skulesektoren har god økonomistyring, men når totalforbruket i kommunen er for høgt må alle einingar bidra. Alle innkjøp over kr 10.000,- må vere avklart med kommunalsjef og alle innkjøp over 25.000,- må avklarast av kommunedirektøren. Elles skal det ikkje nyttast vikar utan at det er tvingande naudsynt. I tillegg vart det bestemt at skulesektoren sine kostnader til skyss skulle reduserast og i den samanheng vart det konkludert med at symjeopplæring for mellom- og ungdomstrinnet ville gå ut hausten 2025. Gjennomføring av leirskule er også løfta fram som ei sak som skal drøftast nærare; det vil bli vurdert om Sunnfjord kommune kan legge til rette for leirskule innanfor kommunen.
- Rektor informerte også om tiltak knytt til gjennomføring av tematur for 10. trinn. Det er berre Sande skule, Viksdalen skule og Naustdal skule som gjennomfører tematuren. Føresetnaden er at kostnadane vert dekte gjennom innsamla midlar (dugnad) og tett samarbeid mellom foreldre/økonomigruppene til trinna, og skulen. Det vil bli utarbeidd eit felles dokument som grunnlag for vidareføring av tematuren. Avtalen skal godkjennast i Skulemiljøutvalet.
- To av trampolinene på skuleplassen er stengde fordi dei er utslitne. Skulen har tidlegare kjøpt ny duk til to av trampolinene. Vaktmeister har henta inn pris på nye dukar og kostnaden pr duk er kr 50.000,- Rektor bad FAU om å undersøke om dei i samarbeid med grendelaget kan søkje midlar til oppgradering. Skulen/kommunen kan ikkje søkje slike midlar (t.d. frå Sparebankstiftinga).
- Rektor informerte om uro for ungdomsmiljøet. Utekontakten (Tove Nedrebø og SLT-gruppa) var i media våren 2025 og oppmoda føresette om å følgje med på eigne barn sin aktivitet. Dette er nasjonale trendar som også når vår kommune og vår bygd, Naustdal. Siste helga før skulestart var det «russefest» i Fosshalla og det medførte at det var samla ungdommar både på skuleområdet og andre stadar i sentrum. Områda måtte ryddast søndag før skulestart. Det har komme fram «rykte» om bruk, kjøp og sal av alkohol og stoff (kokain). Rektor oppmodar foreldre om å vere ute og i dialog med ungdommane; gjerne etablere natteravnar.

FAU-representantane var særleg opptekne av symjeopplæring og uro for ungdomsmiljøet knytt til rus. Det vart avtalt at FAU vil arbeide vidare med fleire av sakene og sette saman ulike arbeidsgrupper.

4. Konstituering av FAU-styre for 2025-2026

Følgjande vart valde:

Leiar: Kjersti Instefjord Garfors
 Nestleiar: Kjetil Veien
 Styremedlem: Kristina Hanna Hovden Runde
 Hanna M. De Groot
 Mona Elin Johnsen Flæte
 Vara: Iris Ylvisåker Reiakvam
 Lena Rebecka W. Vefring

Referent

Gunn Marit Haugsbø
einingsleiar

Kopi til:

Vedlegg:

- FAU sitt forslag til kosthaldsråd
- Kartlegging skjermbruk våren 2025